









GODE NYNORSKBØKER FOR UNGDOMSSKULEN



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



ANDRE BØKER AV SAME FORFATTAR:
Polarnatt (2019)
Utfør (2011)

Sunniva Relling Berg: Soldagen

2024 | 108 sider | Samlaget

Maja går av bussen ein tidleg morgon ein stad i Nord-Noreg. Det er høge brøytekantar og kaldt. Ho har ringt til tante Bodil, men ho har ikkje svart. Så Bodil veit ikkje at Maja kjem. Maja har heller ikkje sagt noko til mamma, ho har berre reist. Ho var saman med Olav og Knut kvelden før, men sette seg på bussen i staden. Etter kvart forstår vi at dei to gutane ikkje er det beste selskapet, og at mamma ikkje har det bra. Det har ikkje Maja heller.

Relling Berg har skrive nok ei spennande forteljing om utsette ungdommar som ikkje har så mykje å gå på, og som lett blir mistrudde og hamnar i vanskar. Romanen er lettlesen og engasjerande. Kan hende ordnar ting seg etter kvart? Forteljinga veksler mellom å følgje Ilias, som me først møtte i boka *Polarnatt*, og Maja. Sjølv om ein del av personane er dei same som i *Polarnatt*, kan ein godt lese denne romanen uavhengig av den første.




Oliver Levang: Freden

2022 | 96 sider | Überpress

Freden og andre historier er ei samling med seks teikneserienoveller frå perioden 2016 til 2019. Skrekk og grøss er eit gjennomgåande tema når Levang lagar teikneseriar, og slik er det også her.

Tittelhistoria handlar om korleis ein konflikt kan vekse utan at nokon av dei involverte eigenleg ynskjer det. To grupper har lenge vore i konflikt med kvarandre, og når hendingar som i utgangspunktet var uskulldige mistak, skal hemnast, ballar det på seg og vert til slutt open krig.

Andre av historiene hentar til dømes inspirasjon frå eventyr og og illustrasjonane til Theodor Kittelsen, men Levang gjev det heile ein mørk vri.



ANDRE BØKER AV SAME FORFATTAR:

Den tolvte spelaren (2018)

Glimt (2015)

Svarte-Mathilda I–III (2010–2013)

Tor Arve Røssland: Overleve

Vulkanen vaknar | Istid | Den siste krigen

2022–2023 | 200, 190 og 221 sider | Samlaget

Tor Arve Røssland har skrive bøkene i serien *Overleve*. Bøkene tek utgangspunkt i ei verd øydelagd av klimaendringar. Den første boka, *Vulkanen vaknar*, handlar om trettenåringane Jamal og Eira som fylgde fedrane sine på forskingsskipet Bluenose. I bok 2 veksar ungdomane framleis på å fortelje annakvart kapittel, men no er det berre Jamal som er om bord på forskingsskipet. Jamal vert kjent med teknologiexperten Olaf, men er han til å stole på? Kvifor sluttar robotbeina som gjer at Jamal greier seg utan rullestol, å verke? Eira er glad og letta for å vere heime igjen, sjølv om ho saknar Jamal. Men ting heime er ikkje slik som før ho reiste, og det vert ein kamp på liv og død. I bok 3 har skipet mista all kontakt med omverda, og ingen nettverk fungerer lenger. Så vert dei brått angripne av eit piratskip. Kjem dei til å overleve?



Therese Garshol Syversen: Eg skal rive deg i filler

2024 | 185 sider | Samlaget

I denne spenningsromanen følgjer vi tenåringsjenta Iben som jaktar på hemn. Ho er fast bestemt på at gutane som øydela livet til den fjorten år gamle veslesøstera hennar, Alexa, ikkje skal sleppe unna. Etter Alexa dør, flyttar Iben Maria Løvenskiold heim frå kostskulen i Sveits til Frogner på Oslos beste vestkant. Der legg ho raskt ein plan for å hemne det som skjedde med veslesøstera. Spørsmålet er korleis ho best kan gå fram, og kven som kan hjelpe henne på vegen. Første steget er å bli betre kjend med gutane som står bak ugjeringa.

Romanen er spennande og lettlesn, med eit intrikat plot som mange vil la seg underhalde av. Samstundes er det meir under overflata enn berre spenning. Boka utforskar også viktige spørsmål knytt til samtykke og seksuelle overgrep, og korleis hemntanken kan forme og endre eit menneske.



Grøss og gru

Død eller levande | Den tolvte spelaren

Den andre søstera | Den svartkledde jenta | Mareritt
Bergtatt | Eg har venta på deg | Skallen

2018–2021 | kvar bok er om lag 100 sider | Samlaget

Dei åtte bøkene i serien byr på spennande og skumle romanar. Alle er på om lag 100 lettlesne sider med dramatiske historier som går på livet laus. Alle bøkene har ein ungdom som hovudperson. Han/ho lever eit vanleg liv med skule, familie og fritidsaktivitetar, likevel skil ungdommane seg ofte ut ved å sanse sterkare enn andre og å kunne komme i kontakt med gjenferd.

Ungdommane taklar dette på ulike vis, ikkje alle er klare over at dei har særskilde evner. Det som hende i fortida har verknad for nåtida, og dermed blir samfunnsaktuelle problemstillingar tematiserte.



Åshild Moldskred: Trollmoll

2023 | 188 sider | Samlaget

Birk og mora skal bu eit år hos morfar på øya. Ada bur i nabohuset og kjem straks på besøk. Birk og Ada kjenner kvarandre frå tidlegare. Ada og Birk fortel i kvar sine kapittel. Ada er veldig interessert i hekseprosessar, gamle forteljingar og historie.

Birk søv uroleg på det nye soverommet. Han kjenner ei lukt som minner om rotne kjøt. Han vil sove med døra på gløtt. Døra opnar seg ørlite, men det er ikkje katten Tiger. Mora hans berre ler. Dette er starten på ei lang rekke uforklarlege hendingar.

Ein dag kjem historia om Trollmoll fram, sjølv om morfar helst ikkje vil fortelje. Trollmoll er spøkelse som drep barn ved å synge. Morfar prøver å overtyde Ada og Birk om at det ikkje finst fleire Trollmoll på øya. Men kvifor hender det så mykje underleg?

Trollmoll er ein spennande roman, og litt skummel. Det er usikkert kven ein kan stole på, og det er mistanke om at fleire personar kan vere involverte.

ANDRE BØKER AV SAME FORFATTAR:
Berre hopp! (2021)



ANDRE BØKER AV SAME FORFATTAR:

Vegandi: Draumsende (2018)

Vegandi: Galderstjerna (2016)

Fredlaus (2015)

Kampen om Kervad (2014)

Mørkemanaren (2012)

Med eld i hjartet (2011)

Drakeguten (2010)



Asbjørn Rydland: Terra Victoris

2022 | 318 sider | Samlaget

Terra Victoris er ei handlingsfylt reise fram i tid til det eldgamle Istanbul i år 2193. Istanbul har framleis gamleby og basarar, men elles er verda mykje forandra. Ei klimakrise og trusselen frå kunstig intelligens førde menneska på jorda ut i ein krig der alle nasjonar vart utraderte, og dei rike menneska danna store verdsomspennande selskap som kontrollerer og overvaker alt og alle.

Ingrid, ei ung jente frå Norden, har overtala mødrene sine til å få reise på ferie til arkeologen onkel Leon. Onkelen leitar etter satellittar og andre gamle teknologiar for eit stort teknologiselskap med mykje makt, kalla Interlace. Ingrid skal treffe onkelen på eit hotell, men han dukkar ikkje opp. No er ho åleine i ein framand storby. Kva kan ha skjedd? Kva skal ho gjere? Heldigvis treffer ho den lokale guten Zeki, og saman vert dei kasta ut i ei forrykande jakt etter sakna personar.


Erlend Skjetne: Eit anna blick

2021 | 230 sider | Flamme forlag

Anwar og Walid er to unge gutar som har blitt plasserte på same rom på eit asylmottak. Det er vinter i Finnmark. Dei to er svært ulike, men likevel utviklar det seg eit vennskap mellom dei. Anwar blir kalla professoren, han filosoferer mykje og liker å lese og kan hjelpe dei andre med norsken. Walid liker fotball, og han forsvarer Anwar når dei andre ser ned på han fordi han er hazara.

Dagane blir svært lange. Dei har nokre få timar på skulen og elles ingenting å gjere. Dei ventar heile tida, på at noko skal hende og på avslaget frå UDI. Inni mellom eksploderer det, det blir krangel, slåstkamp eller øydeleggingar. På mottaket og skulen er det dårleg standard og vedlikehald. Dei vaksne sviktar på ulikt vis, med unntak av læraren. Ute er det mørkt og kaldt.

Romanen er godt skriven og viser fram mange tragikomiske situasjonar som oftast har grunnlag i språklege mistydingar.



Anders Totland: Norske sjørøvarar

Illustrert av Kristian Krohg-Sørensen

2022 | 66 sider | Gyldendal

Sjørøvarar frå fantasiverda herjar ofte i det eksotiske Karibia, men det finst også vaskeekte, norske sjørøvarar. Noreg har vore ein sjøfartsnasjon i uminnelige tider, og det viser seg at vi også har sjørøvarar. Denne boka viser fram denne ukjende historia.

Faktaboka tek for seg perioden frå 1393 til 2010. Sjørøveri kan altså framleis vere aktuelt, men det er mest eit bilete av sjørøveri i historisk tid vi møter. Vi kan til dømes lese om Tordenskiold og den store nordiske krigen. I boka lærer vi forskjellen på sjørøvarar, piratar, kaperar og fribytarar, og i tillegg gir boka innsyn i norsk historie.

Vi vert kjende med brutale menn som kjempa for rikdom og velstand, og ofte med livet som innsats. Mange døydde. Dei vart kasta på sjøen, hengde eller halshogde. Det var ikkje alltid lett å vite kva konge eller dronning ein skulle vere på lag med. Livet som sjørøvar er hardt.

ANDRE BØKER AV SAME FORFATTAR:

Pest og plage (2021)

Blindsone (2021)

Lepra (2020)


Nattmannen (2019)

Nedteljing (2018)

Den norske slavehandelen (2018)

Så lenge ingen ser oss (2017)

Engel i snøen (2016)



Tone E. Solheim: Eg er V-vida


2024 | 222 sider | Samlaget

Vida går i niande klasse og har det ikkje så bra. Besteveninna Siri har flytta til Bergen, og Vida kjenner seg aleine i verda. Mamma jobbar, og Vida har vore aleine heime heile sommaren. På skulen kjenner ho seg utanfor og prøver å gjere seg så usynleg som mogleg. Aurora og gjengen er dei verste, dei kjem stadig med spydige kommentarar til Vida. Dei kallar ho V-vida fordi ho stammar. Vida har svært lite sjølvtilitt, det er berre Siri som forstår det. Ho seier at Vida ikkje må ta alt personleg og at Vida er ei bra jente. Ho må berre våge å tru på det sjølv og tore å gå sin eigen veg. Men det er lett for Siri å seie, ho har jo vener.

Solheim har skrive ein aktuell roman om venskap og utanforskap, om manglande sjølvtilitt og dei utfordringane som følgjer med det. Det handlar også om kva som kan endre seg om ein først vågar.

ANDRE BØKER AV SAME FORFATTAR:

Svartrasta syng om natta (2021)



ANDRE BØKER AV SAME FORFATTAR:
Høgspenning livsfare (2020)

Helene Guåker: Ein venn som meg

2022 | 188 sider | Samlaget

Sofie går alltid aleine, og ho får nedsetjande kommentarar. Emilie har bestemt seg for at dei ikkje skal vere vennar meir. Sofie gjer alt ho kan for å ikkje vekke merksemd, og held seg på biblioteket i friminutta. I timane må ho passe på at ho ikkje snakkar for mykje eller seier noko dumt. Sofie tel ned dagane til ungdomsskulen er over.

Etter haustferien begynner Carla i klassen, og ho set seg ved sida av Sofie. Noko er annleis med Carla. Ho får lov til alt ho vil, og ho har eigen hest. Men ho har ikkje mobil og skal ikkje ha konfirmasjonsselskap. Sofie har eit håp om at Carla og ho skal bli vennar, begge liker å ri og å spele piano. Men Sofie er utrygg på om dette vil vare, eller om nokon vil ta Carla ifrå ho. Den nye vennskapen blir sett på prøve då det verkeleg spissar seg til.



ANDRE BØKER AV SAME FORFATTAR:
Ser du dette? (2020)

Sigrid Agnethe Hansen: Du veit ingenting

2023 | 172 sider | Samlaget

Tina og besteveninna Anna går i tiande klasse. Ein dag ser dei ein kjekk gut i ein bil, og Anna blir interessert. Han heiter Gustav og er broren til Simone. Simone leier an jentegjengen i klassen, og verken Tina eller Anna liker ho. Simone inviterer alle i klassen på fest, og Anna insisterer på at Tina må vere med. Tina har ikkje lyst, men lar seg overtale. Dei må også handle seg nye klede, og kven andre enn Gustav arbeider på klesbutikken? Tina er oppgitt over at Anna er så forelska, og samtidig er ho er frustrert over at ho aldri blir forelska sjølv. Venskapen blir sett på prøve.

Tina er storesøstera til Erika. Erika er 10 år og har ein diagnose, og det skal lite til før ho slår seg vrang og skrik. Tina blir stressa når det skjer. I svømmehallen har dei det fint. Då er Erika glad. Tina konkluderer med at alt er annleis heime hos dei, og har motstridande kjensler overfor søstera.



Her finn du tips til bøker som passar for ungdomsskuleelevar. Nokre bøker er lette å lese, andre passar for bokslukaren. Bøkene er i ulike sjangrar, her er historiske forteljingar, spenningsbøker og vemodige bøker; noko for alle.

Du finn fleire boktips på
nynorskbok.no

